



Arkivnr: 2014/24253-9  
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.02.2015

### Tilskot til samling knytt til etablering av kulturhusnettverk

#### Samandrag

Hordaland fylkeskommune har motteke ein open søknad frå Oseana Kunst- og kultursenter om støtte til etablering av Kulturhusnettverk på Vestlandet. I første omgang søkjast det konkret om delfinansiering av første samling. Det søkjast då om 40 000 kroner av eit totalbudsjett på 65 000.

Prosjektet støtter godt opp under fleire mål i gjeldande regional kulturplan. Nettverket har planlagt å ha si første samling i starten av juni d.å. og er difor vurdert av fylkesrådmannen til å leggast fram for KURE i dette møtet som ei separat sak knytt til bruken av utvalet sin rådveldekonto.

*Det stod 750 000 kroner på Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto for 2015. 150 000 kroner vart løyvd frå denne kontoen i førre møte til deltaking i prosjektet «Kystpilegrim Rogaland – Nidaros».*

#### Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet løyver kr 35.000,- til Oseana Kunst- og kultursenter frå utvalet sin rådveldekonto til første samling for å etablere kulturhusnettverk i Hordaland/på Vestlandet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 02.02.2015**Søknaden og det omsøkte tiltaket

Oseana Kunst- og kultursenter ønskjer å ta initiativet til eit nettverk av kulturhus i Hordaland og nabofylka. Dei ser behov både for deling og heving av kompetanse på ulike felt knytt til å drive kulturhus, og eit nettverk knytt til booking og turnéar.

Sitat frå søknad: *Vi mener at kulturhusene i regionen må sees på som lokale kompetansesenter. Alle har ulike utgangspunkt og forskjellig innhold, men motivasjonen er den samme. Å gi publikum kunst og kulturopplevelser av høy kvalitet, samtidig med at vi blir en naturlig møteplass i lokalsamfunnet. I tillegg til at flere av kulturhusene er medlem i norsk Kulturhusnettverk, ser vi behovet for en lokal variant som vil kunne bli en vestlandsplattform for kompetansedeling, samproduksjoner, tekniske utfordringer etc. Kulturhusnettverket planlegger en til to samlinger pr år.*

*Oseana er med i aksjeselskapet Kultur Vest. (...) Et ønske er at Kulturhusnettverk Vestlandet kan bli en undergruppe i Kultur Vest med Oseana som representant. Kultur Vest kan fremover være med å arrangere samlinger i tillegg til å synliggjøre felles utfordringer.*

Oseana kunst- og kultursenter initierer innhaldet i den første samlinga, og vidare tema vil verte diskutert og bestemt i gruppa som skal etablerast. Søkjar ser for seg at det kan vere naturleg å dele opp framtidige samlingar kor t.d. teknisk avdeling har eit eige forum. Det kan vere aktuelt å opprette ei styringsgruppe.

Til første samling ønskjer dei å legge vekt på temaet dialog og samfunnsansvar, og invitere ressurspersonar både frå Noreg og Storbritannia. 2.juni 2015 er sett opp som dato for samlinga.

Bakgrunn for initiativ og tema vert omtala slik i søknaden: *Vi tenker at samfunnsansvaret er viktig for et kultursenter, det å kunne bidra til samfunnet. Hvilke rolle har man og hvilket ansvar har man i lokalsamfunnet er sentrale spørsmål. På bakgrunn av dette er Oseana i ferd med å etablere et eige formidlingsprogram som når ut til både barn og de eldre. Litt av utgangspunktet for denne tanken er hentet fra England og deres mange outreach og community projects. Økonomisk handler det om å utnytte ressursene på en måte som gir best mulig synergieffekt.*

Grunngjeving/fylkesrådmannen sin kommentar:

Det er sett opp som eit punkt på agendaen i første møte å «Etablere et kulturhusnettverk på Vestlandet i samarbeid med HFK og Kultur Vest». Det må her merkast at Hordaland fylkeskommune ikkje vil vere ein formell del av dette nettverket, men er positive til initiativet. Denne saka gjeld også kun støtte til denne første samlinga, og det er ikkje teke stilling til driftstøtte til eit evt vidare nettverk. Om slikt skulle vere ønskjeleg, må ein kome tilbake til dette på eit seinare tidspunkt i prosessen, gjennom handsaming av ein evt søknad om dette.

Fylkesrådmannen vil tilrå støtte å dette tiltaket, men pga. avgrensa midlar tilgjengeleg, med ein noko mindre sum en omsøkt. Tiltaket fell godt inn under prioriterte felt i regional kulturplan så som arenautvikling, utvikling, tilrettelegging og utnytting av infrastruktur og nettverk - både når det gjeld bygg og menneske. Vi ser også Oseana sitt prosjekt Friskunst som eit spanande pilotprosjekt for å betre nytte kunstnarar som har framsyningar på kulturhusa også opp mot barn og ungdom som skal vere ei prioritert gruppe i følgje planen.

I kulturplanen er det skrive at «God arenautvikling er avhengig av samspel mellom nasjonale, regionale og lokale aktørar. Det skal leggjast til grunn ei heilskapleg tenking i utvikling av nye og rehabilitering av eksisterande arenaer.» og «Det er eit offentleg ansvar å utvikle infrastruktur for kultur- og idrettslivet i heile fylket, med å sjå til at der er høvelege kultur- og idrettsarenaer inne og ute og tilrettelagde friluftsområde. Likeeins eit mangfald av aktivitetstilbod tilpassa ulike publikumsgrupper og ulike idrettar og kunstformer, i samspel mellom profesjonelle aktørar og frivillige.» Fylkesrådmannen ser altså positivt på initiativet som er teken for at kulturhusa saman kan heve sin kompetanse, for å igjen sitere frå kulturplanen; «Både i den profesjonelle og frivillige delen av kulturfeltet har mange behov for å oppdatere seg og tileigne seg ny kompetanse. Kulturpolitikken skal legge til rette for utvikling av arenaer, nettverk og samarbeid på tvers av ulike kulturfelt for kunnskaps- og erfaringsutveksling.(...)Det er viktig å stimulere arbeidet med å utvikle

kompetanse innan kunst- og kulturinstitusjonane. Mange av desse er i seg sjølv kompetansemiljø, som er ressursar utanfor sin eigen organisasjon.»

På grunnlag av denne forankringa i fleire viktige satsingsfelt i Regional kulturplan vil Fylkesrådmannen tilrå å løyve kr 35 000 frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto til det omsøkte tiltaket.